

# Vedtekter for Norsk Gamalostlag

---

## § 1 Namn

Namnet til foreininga er Norsk Gamalostlag.

## § 2 Kontoradresse

Foreininga si kontoradresse er Norsk Gamalostlag, Rulsen, 6893 Vik

## § 3 Føremål

Norsk Gamalostlag skal verka for å fremja kunnskap, bruk og medvit om Gamalost. Laget skal freista å heva osten sin posisjon i samfunnet og arbeida for å ta vare på kulturen og historia kring osten

## § 4 Juridisk person

Foreininga er sjølveigande og ein frittståande juridisk person med upersonleg og avgrensa ansvar for gjeld.

## § 5 Medlemmar

Alle har rett til å verta medlemar i Norsk Gamalostlag.

Alle medlemar har røysterett og er valbare til tillitsverv i laget.

## § 6 Kontingent

Kontingenen blir fastsett av Gamalost-Tinget og skal betalast ved innmelding i laget.

## § 7 Gamalost-Ting<sup>1</sup>

Tinget, som blir halde i Vik kvart år under Gamalostfestivalen eller seinast innan utgangen av juni, er høgste myndigheita i laget. Tinget blir kalla inn av styret med minst 1 månads varsel, direkte til medlemane eller ved kunngjering i laget sin nettstad. Forslag som skal behandlast på Tinget skal vera styret i hende seinast 2 veker før Tinget vert sett. Fullstendig saksliste må vera tilgjengeleg for medlemar seinast 1 veke før Tinget.

Alle medlemar har møte- og røysterett på Tinget. Tinget kan invitera andre personar og media.

Tinget er vedtaksført med det tal medlemar med røysterett som møter. Ingen har meir enn ei røyst. Røysting kan ikkje skje ved fullmakt.

Tinget kan handsama forslag om vedtektsendringar som er førde i sakslista seinast 1 veke før Tinget. Andre saker kan handsamast og avgjerast når 2/3 av dei frammøtte krev det. Slik avgjerd kan berre takast i samband med godkjenning av sakslista.

## § 8 Leiing av Gamalosttinget

Tinget leiast av vald møteleiar. Møteleiar treng ikkje vera medlem av Norsk Gamalostlag.

## § 9 Val

Kvart medlem i styret skal veljast for to år.

Halvparten av styret skal rullerast kvart år. Ved første val til styret skal difor halvparten av styret veljast for eitt år.

Hovding vert valt for 5 år.

Det skal veljast ny valnemnd kvart år. Valnemnda skal bestå av to personar og skal vere blant dei som går ut av styret. Første året skal styret utpeika to av sine eigne til å vera valnemnd. Ein person skal utpeikast til leiar av valnemnda.

Maksimum lengde på samanhengande deltaking i styret er 10 år.

---

<sup>1</sup> Gamalost-Ting, Gamalosttinget og Tinget har same meiningsom Årsmøte.

# Vedtekter for Norsk Gamalostlag

---

## § 10 Gamalosttinget sine oppgåver:

- Godkjenne årsmeldinga
- Godkjenne rekneskap
- Val av styre og valnemnd
- Val av revisor
- Bestemma kontingen
- Vedta budsjettet

## § 11 Ekstraordinære Gamalostting

Ekstraordinære Ting kan haldast når styret bestemmer det, eller minst ein tredjedel av dei røysteføre medlemene krev det.

## § 12 Styret

Norsk Gamalostlag leiaast av eit styre på 4-6 medlemar. Styret er høgste myndigkeit mellom Gamalosttinga.

Styret skal:

1. Leiast av ein Hovding
2. Setja i verk Tinget sine vedtak
3. Oppnemna etter behov komitear/utval/personar for særskilde oppgåver og utarbeida instruks for desse.
4. Administrera og føra nødvendig kontroll med Norsk Gamalostlag sin økonomi i samsvar med dei til ei kvar tid gjeldande lover, reglar og vedtak.
5. Representera Norsk Gamalostlag utad.
6. Godkjenna avtalar for representasjon av Norsk Gamalostlag.

Styret skal halda møte når Hovdingen forlangar det eller eit fleirtal av styremedlemene forlangar det.

Styret er vedtaksført når eit fleirtal av styremedlemene er tilstade. Vedtak fattast med fleirtal av dei gjevne røystene. Ved røystelikskap tel Hovdingen si røyst dobbelt.

## § 13 Vedtektsendring

Endringar i desse vedtektena kan berre føretakast på ordinært eller ekstraordinert Gamalostting etter å ha vore på sakslista, og det er kravd 2/3 fleirtal av dei gjevne røystene.

## § 14 Opplysing (§14 kan ikkje endrast)

Opplysing av Norsk Gamalostlag kan berre handsamast på ordinær Tingsete. Blir opplysing vedteke med minst 2/3 fleirtal, innkallast ekstraordinært Ting 3 månader seinare.

Samanslåing med andre lag/foreiningar blir ikkje vurdert som opplysing av Norsk Gamalostlag.

Vedtak om samanslåing og nødvendige vedtektsendringar i tilknyting til dette blir tekne i samsvar med avgjerd om vedtektsendringar, jfr. §13.

## § 15 Språk

Det offisielle språket skal vera nynorsk.